



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 14.11.2016  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Øystein Foss	Medlem	BL

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Roy Ove Eikedal	Øystein Foss	SP

**Merknader****Andre som møtte:**

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet
Roald Aandahl	Frå teknisk etat Samnanger kommune i PS 40/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Brigt Olav Gåsdal  
utvalsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 38/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 39/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 40/16	Orienteringssak vedr. områdereguleringsplan for Bjørkheim		2014/240
PS 41/16	Orienteringssak om bruk av kaien i Rolvsvåg		2014/240
PS 42/16	Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak - ny handsaming		2016/97
PS 43/16	Vurdering på om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune		2016/98
PS 44/16	Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjon så langt		2016/38
PS 45/16	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020		2015/131
PS 46/16	Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020		2015/65
PS 47/16	Referatsaker		
RS 21/16	Utvælet sitt kvarter		2014/240
RS 22/16	Rekneskapsoversyn for kontrollutvælet sitt budsjett pr. 02.11.16		2016/37
RS 23/16	Sluttrapport Samnangerheimen		2016/48
RS 24/16	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Samnanger kommune		2015/135
RS 25/16	Finansrapportering pr. 2. tertial 2016 og økonomirapportering pr. august 2016		2016/38
RS 26/16	Oppsummering av interimsrevisjon Samnanger kommune		2016/38
PS 48/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 49/16	Eventuelt		

## **PS 38/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent.

## **PS 39/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.16.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 15.09.16 vart samråystes godkjent.

## **PS 40/16 Orienteringssak vedr. områdereguleringsplan for Bjørkheim**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Roald Aandahl frå teknisk etat i kommunen orienterte om områdeplanen, og særleg om parkeringstilhøve i området. Kontrollutvalet kom med spørsmål og kommentarar, som vart svara på. Forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

## **PS 41/16 Orienteringssak om bruk av kaien i Rolvsvåg**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Informasjon som er lagt fram i saka vart gjennomgått og drøfta. Det vart teke opp at bruken av kaien burde vore fulgt tettare opp i høve til avtalen som ligg føre. Forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

## **PS 42/16 Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak - ny handsaming**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Utvalsleiar gjekk gjennom saka og trekte fram dei moment som kontrollutvalet bør vurdera å få ein gjennomgang på. Det er særleg to spørsmål som bør få ein gjennomgang og utgreia:

- Er regelverket for habilitet følgt ?
- Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt ?

Konklusjon etter drøfting vart at kontrollutvalet vil be Deloitte gjennomgå saka og legga fram eit notat etter sin vurdering av spørsmålstillingane som er reist. Notatet med rapport etter gjennomgangen av saka skal leggast fram for kontrollutvalet i første møte i 2017, og så sendast vidare til kommunestyret.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte legg fram ei prosjektskildring for dette arbeidet som skisserer dei spørsmålstillingane dei skal sjå på, og ramme for ressursbruk til arbeidet. Prosjektskildring skal sendast til sekretariatet, og kontrollutvalet gjev fullmakt til utvalsleiar i samråd med sekretariat til å godkjenna prosjektskildringa. Før godkjenning skal den sendast ut til alle kontrollutvalsmedlemene for evt. uttale. Kostnadane med prosjektet skal dekkast av resterande midlar på 2016-budsjettet for arbeid i 2016, og arbeid i 2017 vert å dekka på 2017-budsjett.

Vedtak som vart fatta i saka var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomgår sak om «Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak», ut frå dei spørsmålstillingar som er reist av kontrollutvalet.
2. Deloitte vert beden om å utarbeida ei prosjektskildring som viser spørsmålstillingane som skal gjennomgåast og ressursbruk til arbeidet. Rapport etter arbeidet skal leggast fram for kontrollutvalet i første møte i 2017.
3. Utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplan.

## **PS 43/16 Vurdering på om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Bjarne Ryland presenterte uavhengighetserklæringa. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

## **PS 44/16 Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjon så langt**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 frå Deloitte AS til orientering.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Bjarne Ryland presenterte revisjonsplan, og kontrollutvalet fekk koma med spørsmål og kommentarar til planen. Oppsummering av interimsrevisjonsarbeidet vart og lagt fram og gjennomgått. Rapporten frå dette arbeidet vert lagt inn som referatsak til dette møtet. Ellers svara revisor på dei kommentarane som kom frå utvalet. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 fra Deloitte AS til orientering.

**PS 45/16 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020****Forslag til innstilling**

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016****Handsaming i møtet:**

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte plan for forvaltningsrevisjon slik den nå ligg føre, og med dei prioriteringar som kontrollutvalet har gjort. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i planen. Det kom ingen forslag til endringar av prioriterte prosjekt. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling:**

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

**PS 46/16 Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020****Forslag til innstilling**

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultata av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte plan for selskapskontroll slik den nå ligg føre, med dei prioriteringar som kontrollutvalet har gjort. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i planen. Det kom ingen forslag til endringar av prioriterte prosjekt. Forslag til innstilling vart samråystes vedteke.

### **Innstilling:**

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultata av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

## **PS 47/16 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

### **Handsaming i møtet:**

- Utvalet sitt kvarter  
Ingen saker å ta opp under dette punktet.
- Rekneskapstal for kontrollutvalet sitt budsjett  
Gjennomgått og teke til orientering.
- Sluttrapport Samnangerheimen  
Gjennomgått og teke til orientering.
- Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskapsarbeid  
Kontrollutvalet ønskjer på få informasjon om arbeid med oppfølging av påpeikingar som er gjort etter tilsynet.
- Finansrapportering pr. 2. tertial 2016 og økonomirapport pr. august  
Teke til orientering.
- Oppsummering av interimsrevisjon Samnanger kommune.  
Gjennomgått og teke til orientering.

### **Vedtak:**

Referatsakene vart teke til orientering. Nokre av sakene skal følgjast opp vidare.

## **PS 48/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Aktuelle protokollar vart gjennomgått og nokre saker vart kommentert. Kontrollutvalet merka seg at møteprotokollen etter kommunestyremøte 29.09.16 vart lagt ut svært seint etter møtet. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på dette tidspunkt. Forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**PS 49/16 Eventuelt**

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.11.2016**

**Handsaming i møtet:**

Dato for første møte i 2017 vart drøfta. Det vart samråystes vedteke å setja opp 13.02.17 som møtedato. På dette møtet skal ein setja opp vidare møteplan for 2017.

**Vedtak:**

Første møte i kontrollutvalet i 2017 vert 13.02.17 kl. 14.00.